**simas**

For eit reint og miljøvenleg Sogn

## Møtereferat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	2-2022
Dato:	21.03.22
Tidspunkt:	09.00-11.30
Stad:	Thon Hotel Skei, Sunnfjord kommune
Type handsaming:	Styremøte

### Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)  
Petter Sortland  
Birgit Lervik  
Marianne Ovrud  
Ståle Øvstetun  
Åge Skrede

Revisor Rune Olsen, Deloitte, via Teams på sak V 05

### Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik

### Forfall

Geir Ove Bøthun, Arnstein Menes

### Godkjenningssaker:

- G 04/22**      **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
*Innkalling og sakliste vart godkjent*
- G 05/22**      **Godkjenning av referat frå styremøtet 16.02.22**  
*Referat frå styremøtet 16.02.22 vart godkjent og signert.*

### Orienteringssaker

- O 04/22**      **Driftsorientering**  
Administrasjon orienterte om drift og pågåande saker.  
  
Samrøystes vedtak:  
*Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker.  
Administrasjon utarbeider saksgrunnlag for drøftingssak i samband med endringane i gebyrmodell*
- O 05/22**      **Rekneskap pr februar 2022**  
Rekneskapsrapport pr. 28.02.2022 viser driftsresultat over budsjett. Drifts- og personalkostnader under budsjett  
  
Samrøystes vedtak:  
*Styret tek rekneskapsrapporten pr februar til vitande*

- O 06/22      Orientering om SIRKLA Ressurs AS**  
SIRKLA Ressurs AS er påverka av sterk konkurranse frå lokale aktørar innan containermarknaden og nasjonale kjeder på renovasjon. Omsetnad og resultat er under fjoråret. Det pågår strategidiskusjon i selskapet.

Samrøystes vedtak:

*Styret tek informasjonen om SIRKLA Ressurs AS til vitande*

## Drøftingssaker

- D 07/22      Årdal kommune som deltakarkommune i renovasjonsordninga i SIMAS**  
Kommunestyret i Årdal har vedteke å utvikle renovasjonsløysinga si til å sortere meir og materialgjenvinne avfall, i samsvar med kommunestyrevedtak 011/22. Eit av vedtaka som skal greiast ut er fullverdig samarbeid med SIMAS.

Årdal kommune har sett ned ei eiga prosjektgruppe som SIMAS hadde møte med 03.03.22. I tillegg har dei tilsette i renovasjonsavdelinga i Årdal vore på besøk hjå SIMAS i lag med nokre av leiarane. Dette møtet vart gjennomført 11.03.22. Frå SIMAS deltok leiinga, tilsettrepresentanten i styre og tillitsvald.

Det er pr i dag sette opp følgjande punkt som det skal arbeidast vidare med;

- Dimensjonering av renovasjonsløysing i Årdal
- Dokumentere «kvifor gjere me dette»

### Konklusjon/vidare arbeid

1. *Administrasjon må prioritere arbeidet med å få kartlagt konsekvensane med Årdal som deltakarkommune inn i renovasjonsordninga til SIMAS.*
2. *Ein må vurdere personalressursane til dette arbeidet i lag med prosessen som pågår med å styrka organisasjonen, og administrasjonen får fullmakt til å vurdere og sette i verk tiltak for å sikre nok ressursar*

- D 08/22      Framtidig organisering av utviklingsarbeidet i SIMAS**  
(Saka vert utsett til neste møte)

## Vedtaksaker

- V 04/22      Revidert økonomi- og investeringsplan 2022-2025**  
Styret gav administrasjon i sak D01 Ny drifts- og organisasjonsmodell i oppgave å utarbeide korrigerert driftsbudsjett og økonomiplan 2022-2025. I tillegg må investeringsbudsjettet korrigerast då framdrifta på enkeltprosjekt endrar belastninga frå investeringsaktivitetane, samt at overføring av ikkje nytta investeringsmidlar eit år krev nytt vedtak i representantskapet.
- Revidert driftsbudsjett for år 2022 viser positiv resultatpåverknad. I samsvar med IKS-loven treng ein ikkje ny handsaming av budsjettet når det er betringar



**simas**

Før eit reint og miljøvenleg Sogn

V 07/22      **Innkalling til møte i representantskapet/årsmøte i SIMAS IKS**  
Utkast til innkalling var sendt ut før møtet.

**Vedtak (samrøystes)**

*Styret godkjente innkalling til møte i representantskapet*

**Oppfølgingsaker**

Oppfølgingsplan Handlingsplan 2022 var sendt ut før møtet  
Oppfølging mottak av slagg: Statsforvaltaren avventer Miljødirektoratet si handsaminga av deponiet i Høyanger før konklusjon vert teken. Dette tar tid.


**Eventuelt**


Ingen saker. Etter møtet vart det felles styremøte med SUM og NOMIL for å drøfte eventuelle samarbeidsområder

Sogndal 21.03.2022

  
Jøril Hovland  
styreleiar

\_\_\_\_\_  
Petter Sortland  
nestleiar

  
\_\_\_\_\_  
Åge Skrede  
styremedlem


  
\_\_\_\_\_  
Marianne Ovrid  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Ståle Øvstetun  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Geir Ove Bøthun  
styremedlem

  
\_\_\_\_\_  
Birgit Lervik  
styremedlem





# simas

*Før eit reint og miljøvenleg Sogn*

i resultatutviklinga. Men store endringar i straum og dieselkostnader vil ein mest truleg likevel ikkje få den positive effekten på sluttresultatet som vist, og ein vil vurdere effektane etter 1.halvår 2022.

Revidert investeringsbudsjett for 2021 var på 39,4 mill kr. Det vart brukt 32,5 mill kr, dvs 6,9 mill kr mindre enn budsjett. Redusert bruk skyldast i hovudsak prosjekt som er under gjennomføring/planlegging. Overføring av investeringsmidlar frå 2021 til 2022 blir då 4,5 mill kr. I tillegg utgjer attståande arbeid på Luster Miljøpark 2,5 mill kr. Samla ca 7,0 mill kr.

Anbodskonkurransane på kjøp av nye komprimatorbilar og kontainerbil er gjennomført. Her er leveringstida no so lang at desse vert levert i 2023 (2.kvartal). Dette medfører at samla investeringsbudsjett vert 13,1 mill kr. i 2022, mot opphaveleg 21,9 mill kr.

Den totale investeringsramma i perioden var på 62 mill kr. Endringane i investeringsplanane medfører ei mindre endring til ca 60 mill kr.

### **Vedtak (samrøystes)**

*Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;*

- 1. Revidert investeringsbudsjett for 2022 vert vedteken*
- 2. Investeringsplan for perioden 2022-2025 vert vedteken*

**V 05/22**

### **Godkjenning av årsrekneskapen og årsmelding 2021**

Rapport frå revisjon av selskapet vart gjennomgått av revisor Rune Olsen. Revisjonsmelding er utan merknader.

### **Framlegg til vedtak**

*Styret i SIMAS IKS rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;*

- 1. Årsrekneskapen for 2021 vert godkjent*
- 2. Overskotet på 9,5 millionar vert disponert slik; Overført til fond for hushaldningsrenovasjon 5,9 millionar kroner og overført til fond for slamrenovasjon 0,8 millionar kroner. Avsett til anna eigenkapital 2,8 millionar kroner*
- 3. Årsmeldinga for 2019 frå styret i SIMAS IKS vert godkjent*

**V 06/22**

### **Revisjon av SIMAS IKS – innstilling til representantskapet**

I sak 07/21 vedtok representantskapet at styret skulle gjennomføre anbodskonkurranse på revisjonstenester før neste årsmøte for val av revisor for år 2022. Administrasjonen i SIMAS har gjennomført ei forenkla anbudsrunde blant fire ulike revisjonsselskap. Det kom inn fire tilbod. Det vart gjennomført ei evaluering av tilboda, der ein vektta pris, kompetanse og erfaring på tilbode personell på oppdraget, planar for oppdragsgjennomføring, herunder tilgjenge, servicenivå og kvalitetssikring.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak

1. BDO vert valt som revisor for 2022